



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Eit innestengt behov frå eit utagerande barn

A confined need from a disruptive child

av

31

Linda Solheim

Barnehagelærerutdanning

BLU3-1006

6. januar 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

# INNHALDSFORTEGNELSE

<b>1.</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>2</b>
1.1	PROBLEMSTILLING.....	2
1.2	FORVENTNINGAR .....	2
<b>2.</b>	<b>TEORI .....</b>	<b>3</b>
2.1	UTAGERANDE ÅTFERD .....	3
2.2	SOSIAL KOMPETANSE .....	4
2.3	PERSONALETS ROLLE OG ARBEID .....	5
<b>3.</b>	<b>METODE.....</b>	<b>7</b>
3.1	VAL AV METODE .....	7
3.2	PILOTSTUDIE .....	8
3.3	INFORMANTAR .....	8
3.4	VALIDITET .....	8
3.5	BEARBEIDING AV DATA .....	9
3.6	ETISKE HENSYN .....	9
<b>4.</b>	<b>EMPIRI .....</b>	<b>10</b>
4.1.	UTAGERANDE ÅTFERD .....	10
4.2.	VANLEG NEGATIV ÅTFERD ELLER UTAGERANDE ÅTFERD.....	11
4.3.	PERSONALETS ARBEID MED UTAGERANDE ÅTFERD.....	11
<b>5.</b>	<b>DRØFTING .....</b>	<b>13</b>
5.1.	UTAGERANDE ÅTFERD .....	13
5.2.	VANLEG NEGATIV ÅTFERD ELLER UTAGERANDE ÅTFERD.....	15
5.3.	PERSONALETS ARBEID MED UTAGERANDE ÅTFERD.....	16
<b>6.</b>	<b>AVSLUTNING .....</b>	<b>18</b>
<b>7.</b>	<b>LITTERATURLISTE .....</b>	<b>20</b>

## 1. Innleiing

Teamet eg har vald for mi bacheloroppgåve er barn med åtferdsvanskar, og korleis barnehagen kan arbeide med dette. Bakgrunnen for dette valet er praksiserfaring gjennom vidaregåande og barnehagelærer-studiet. Eg har sett ulike haldningar om barn med utagerande åtferd, og ulike framgangsmåtar på dette feltet, utan at eg eigentleg har fått nokon begrunning på kvifor dei arbeider som dei gjer. Eg har sett fleire barn som har utagert gjennom praksisfeltet, og desse «problembarna», «utfordrande barna» eller kva begrep dei har blitt gitt i den aktuelle barnehagen, treng gjerne ekstra tilrettelegging. Personleg synest eg det har vore vanskeleg å vite kva eg skal gjere i ein slik situasjon, spesielt i situasjonen når ein er «fersk» i ein ny barnehage, og dermed ikkje kjenner til rutinar og arbeidsmåte. Nettopp for å lære meir om korleis eg skal bevege meg fram i ein slik situasjon, er det eg ønskjer å auke min kompetanse innanfor dette feltet. I denne oppgåva vil eg gå meir inn på barn utan ein diagnose. Altså barn som har ein utagerande åtferd som kjem til uttrykk anten gjennom fysisk eller verbal utagering. I mine praksisperiodar ser eg at desse barna gjerne kan bli møtt at personale som hever stemmen eller tek dei ut av situasjonen på ein uheldig måte. Desse barna kan også oppleve å få skuld for hendingar dei kanskje ikkje har vore ein del av. Men hjelper det å irettesette barn på denne måten? Kva godt kjem det ut av at personale hever stemmen og tek barnet ut av situasjonen?

I denne oppgåva vil eg først gå inn på teori som omhandlar utagerande åtferd, sosial kompetanse og personalets arbeid med dette. Vidare går eg inn på mitt val av metode, samt informasjon om informantar, min pilotstudie og validitet og etiske omsyn. Til slutt går eg vidare på empiri og drøfting, og avsluttar oppgåva med avslutningsdelen.

### 1.1 Problemstilling

I mi oppgåve vil eg legge fokus på korleis barnehagen arbeider med barn som utagerer, både gjennom kvardagslege situasjonar og på lenger sikt. På bakgrunn av dette har eg formulert problemstillinga slik: **«Korleis kan barnehagen arbeide med barn med utagerande åtferd?»**. Eg vil forholde meg til korleis barna har det i barnehagekvardagen, og har dermed lite om familieforhold, sjølv om dette kan vere ein relevant faktor for utagerande åtferd. Eg vil også legge fokus på personalets arbeid med dette. Eg tar for meg dei store barna, altså barn i 5-6 års alderen.

### 1.2 Forventningar

Eg har i denne oppgåva lyst å undersøkje korleis ulike barnehagar ser og arbeidar med barn med ein utagerande åtferd, samt korleis teoretiske kjelder viser til arbeid med dette. Når eg valde problemstillinga hadde eg nokre tankar om korleis ein barnehage kunne arbeide med dette, samt egne

erfaringar frå praksis. Ut i frå mine erfaringar, har eg den oppfatninga at barn som utagerer kan oppleve å bli irettesett og få skuld i mange situasjonar, i staden for at personale sett seg ned og snakkar med barnet. Eg tenkjer også at åtferden gjerne kjem meir fram i situasjonar der barnet befinner seg i stillesittande aktivitetar.

## 2. Teori

I denne delen vil eg ta for meg teori relevant til temaet mitt. Eg gjer først greie for og definerer begrepet utangerande åtferd. Eg vil deretter komme innom sosial kompetanse, definere og forklare dette før eg går vidare på personalets rolle i arbeidet og korleis personalet kan arbeide med barn med utagerande åtferd.

### 2.1 Utagerande åtferd

Når vi ser på begrepet utagerande åtferd, finn vi svært mange definisjonar og oppfatningar av kva begrepet omfattar. Nordahl, Sørilige, Manger & Tveit forklarar det som ein grad der barnets åtferd bryt med gjeldande reglar, normer og forventningar i samfunnet, og om kva grad åtferden avviker frå forventningar til barnets alder, på ein slik at den kan forstyrre eller hemme barnets læring og utvikling (Nordahl, Sørilige, Manger & Tveit, 2005, s. 31). På linje med begrepet utagerande åtferd er også «Åtferdsproblem» eit mykje nytta begrep i denne samanhengen, men samstundes eit uklart begrep. Begrepet blir ofte brukt når eit barn provoserer, irriterer eller bekymrar dei vaksne. Andre begrep som kan bli brukt både i kvardagsleg tale og fagspråkleg er sosiale og emosjonelle vanskar, samhandlingsvanskar eller aggressiv åtferd. Bruken av begrepa kan i nokre tilfelle verke til å vere relativt tilfeldig, og brukast gjerne om kvarandre. Dei skil heller ikkje mellom meir eller mindre alvorlege åtferdsproblem. (Nordahl et. al., 2005, s.34)

Torkjell Sollesnes har valgt å bruke begrepet «*vanskeleg åtferd*» og forklarar det slik:

*«Vanskelig atferd hos barn er en type atferd som omgivelsene finner det vanskelig å forholde seg til, og som uttrykker en vanske det aktuelle barnet trenger hjelp med. (Sollesnes, 2018, s. 35).*

At omgivnadane finn åtferden vanskeleg, inneberer at ulike personar reagerer ulikt på åtferden. Vanskeleg åtferd kan ha opprinnelse i ein vanske barnet har opplevd, noko han i boka forklarar som «*konsekvensåtferd*». Vanskeleg åtferd kan også knytast til individuelle forhold, kontekstuelle samanhengar, og begrepet er prega av den kulturen åtferden oppstår i. Vi kjem her inn på individ, kontekst og kultur (Sollesnes, 2018, s. 35). Barnet kan også handle utifrå emosjonane sine. Larsen & Slåtten refererer til Kaufmann og Kaufmann (2009) si forklaring av begrepet emosjonar. Dei seier at

emosjonar kan forståast som kjensler, affekter og humørtilstandar. Dei forklarar også at vi alltid har med oss emosjonar, både barna og dei vaksne. Dei viser også til Bang (2011), han seier at det lenge har føregått ein diskusjon om samanhengen mellom tankar, oppfatningar og meiningar (kognisjonar), emosjonar og åtferd. Her meiner dei at det er ein direkte samheng mellom emosjonar og åtferd, gjennom at dei påverkar kvarandre og at denne påverknaden går begge vegar (Larsen & Slåtten, 2014, s. 141). Barn har også eit sterkt behov for å bli sett og høyrd. At barnet blir sett handlar om at dei tilsette ser og respekterer det enkelte barnet som eit unikt menneske med både moglegheiter og begrensingar. Samstundes som barn treng å bli sett av dei vaksne, har det også behov for å bli sett av jamaldringar. Medan vaksne kan «gruppere» barn, gjer barn det mykje enklare. Om eit barn blir spurt om å karakterisere dei andre barna, vil det ofte snakke om «dei greie» eller «dei rare». Å vere grei eller rar knyt barn meir til åtferd og personlegdom enn utsjånad. (Sjøvik, 2014, s.86)

Eit barn kan også vise negativ åtferd utan at det er snakk om utagerande åtferd. Mykje av det som oppfattast som problemåtferd, kan betraktast som normalåtferd. At eit barn viser noko negativ åtferd, treng ikkje nødvendigvis vere grunn til bekymring eller grunn til tiltak. Om barnet i periodar oppfører seg slik dei vaksne ikkje vil at det skal gjere, gjer ikkje barnet kvalifisert til betegnelsen utagerande åtferd. Men i nokre samanhengar kan det vere eit «faresignal» som ein bør vere merksam på Dette kan ein sjå om barnets problematiske åtferd utviklar seg over tid, at den hemmar barnets utvikling eller at den blir ein betydeleg plage eller krenking for andre. Visst dette er tilfelle, vil ein ofte seie at barnet har eit åtferdsproblem. (Nordahl et al., 2005, s. 31).

## 2.2 Sosial kompetanse

Generelt sett kan ein seie at sosial kompetanse er ein form for kompetanse som er like aktuell for menneske, uavhengig av kjønn, alder og livssituasjon, likevel er det slik at forståelsen av sosial kompetanse er kulturelt betinga. Sosial kompetanse er noko som lærast og utøvast i samspel med andre. Medan nokre barn tek denne prosessen lett, er det andre som sliter meir. Dette er fordi vi er i ulike situasjonar, både i yrkeslivet og privat. Derfor vil ein person som har problem med sosial kompetanse gjerne slite i fleire samanhengar. Sollesnes viser til Elliot og Gresham sin forklaring på sosial kompetanse. Dei forklarar begrepet med desse fem elementa (2002, s.13): *samarbeid, sjølvhevdning, sjølvkontroll, empati og ansvarlighet* (Sollesnes, 2018, s.45).

Sollesnes viser også til Kari Lamer sin definisjon på sosial kompetanse: «*Sosial kompetanse handlar om å mestre samspill med andre*» (2014, s.8). Ho opererer også med element knytt til sosial kompetanse, som delvis overlappar Elliott og Gresham sine element: *sjølvkjensle, empati, prososial åtferd, sjølvhevdning og sjølvkontroll*. Kort oppsummert handlar desse begrepa og sosial kompetanse om enkle

reglar for korleis menneske omgås kvarandre, og om dei klarar det på ein måte som ikkje er konfliktskapande eller opplevast som vanskeleg. (Sollesnes, 2018, s.46)

Ved å dele opp sosial kompetanse i elementa som er nemnd ovanfor, kan dette gjerast til strukturerte læringstema som kan trenast på i sosiale samanhengar. Om ein tek sosial kompetanse inn i ein læringsarena kan ein dele det opp i kategoriar som kunnskap, ferdigheiter og haldningar. Kunnskapar kan ein tileigne seg gjennom undervisning og veiledning og ferdigheiter kan trenast opp. Haldningar er derimot meir utfordrande å endre på. Her viser Sollesnes til Ogden (2009) som på grunnlag av dette har laga ein utvida definisjon på sosial kompetanse: «*Sosial kompetanse handlar om å integrere tanker, følelser og atferd for å utvikle kunnskaper. Ferdigheter og holdninger som gjør det mulig å etablere og velikeholde sosiale relasjonar*» (Sollesnes, 2018, s.46).

### 2.3 Personalets rolle og arbeid

Teori og kunnskap om risiko og beskyttelsesfaktorar gir eit nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg fundament for utvikling av tiltak. Undersøkingar om iversette tiltak som verkar som forventa, er ein viktig kjelde til kunnskap om korleis vi bør utforme og organisere tiltak. Dette er også viktig for å finne ut kva tiltak som har god effekt på kort og lang sikt, samt på kva område tiltaka har effekt. (Nordahl, Sørli, Manger og Tveit, 2005, s. 105). Visst ein ser på omsorg og læring for barn med spesielle behov, må vi sjå på barnehagens betyding som arena for dette. I barnehagelova Kapittel 1 §2 er det eit punkt som handlar om at barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale ulikhetar. På mange måtar kan ein derfor seie at førebyggjande arbeid er ein hjørnestein i barnehagens verksemd. I rammeplanen står det at barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidlig får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Det står også at tilrettelegginga kontinuerlig skal vurderast og justerast i tråd med barnets behov og utvikling (KD, 2017, s.26).

Barn med utagerande åtferd kan opplevast som utfordrande og vanskelege av personale i barnehagen, men den utagerande åtferden kan frå barnet sitt perspektiv betraktast som kommunikasjon. (Kinge, 2015, s.11). Barn uttrykkjer seg på ulike måtar, og derfor må personalet vere merksam på uttrykksforma til kvart enkelt barn. Om eit barn manglar dei orda og språket til å forklare kjenslene sine, ønska og behov, kommuniserer dei til personalet via handlingar. (Kinge, 2015, s. 15) Eit barn med utagerande åtferd, som har eit språk, kan likevel uttrykkje seg på ein lite hensiktsmessig måte på grunn av at kjenslene tar overhand, dermed kan barnet miste språket sitt i handlinga. Barn som viser åtferdsproblem, får sjeldan ros og oppmuntring, sjølv om barn med åtferdsvanskar er ofte dei som

treng mest ros. I staden får dei ofte negative tilbakemeldingar, blir korrigert og får straffereaksjonar. I staden for å korrigere barnet kvar gong det gjer noko gale, kan ein snu dette og fokusere på det positive barnet gjer. På denne måten oppmuntrar og motiverar ein barnet til å gjenta den positive åtferden. (Kinge, 2015, s.23).

Arbeid med alvorlege åtferdsproblem er ofte so komplekst at barnehagen åleine ikkje er i stand til å yte den bistanden barnet treng. Ein instans åleine vil heller ikkje ha all nødvendig kompetanse eller ressursar som kan vere nødvendig. Når situasjonen er slik, kan ein sette saman eit tverrfagleg samarbeid. Eit slikt samarbeid mellom ulike instansar vil gi ein vesentleg betre innsikt i og oversikt over det lokale hjelpeapparatet sitt potensiale. Ikkje minst vil eit slikt samarbeid gi ein personleg kjennskap til fagfolk som arbeider i andre tenester, som kan vere avgjerande for vellykka tiltak for barnet og deira familiar. Ein realisering av eit tverrfagleg arbeid inneberer eit behov for ei felles koordinering av arbeid over tid, dermed også forpliktande innsats både for den enkelte tilsette, samt verksemda (Nordahl et. Al., 2005, s.169).

Eit problem som kan oppstå knytt til tverrfagleg samarbeid, er at barna og foreldra vil møte fleire fagpersonar enn før, og vil dermed ofte måtte utlevere personlege forhold til fleire personar. Denne informasjonen utvekslast mellom fagpersonane, og her ligger det ein fare for at denne utvekslinga kan danne grunnlag for bestemte konstruksjonar av både barn og foreldre. Visst dette skjer, kan det påverke møta og dialogen mellom familien og profesjonane i ein retning at familien mistar kontroll og innflytelse. Foreldra eller andre aktørar kan også holde tilbake informasjon, kome forseint eller utebli møter, verke dominerande eller det kan oppstå uklarhet om ansvarsfordelinga. Møta kan også bli unødvendig langvarige. Derfor er det viktig å ha tålmodighet og anstrenge seg så mykje som krevst for å få til eit godt samarbeid. Dette vil ikkje berre gi positive gevinstar for barnet, men også for foreldra, barnehagepersonell, barnevernstenesta og andre omsorgs- og opplæringstenester. (Nordahl et. al., 2005, s. 174)

Når det gjeld kartlegging er dette eit relativt vidt begrep som omfattar heile spekteret frå observasjon til testing. Sjøvik viser til Else Johansen Lyngseth (2014) i sin forståing av begrepet kartlegging. I hennas illustrasjon av kartlegging som eit overordna begrep, snakkar ho om observasjon, samtaler med foreldra, screening, utredning og testar. Den mest kjende av desse i ein barnehagekvardag, er observasjon. Dette handlar om at dei tilsette eller pedagogen skal ha ein vakent blick og lyttande øyrer, og på denne måten får tak i det som skjer mellom menneske. Ved å bruke ulike kartleggingsmetodar kan ein barnehagelærer få betre innsikt i barnets føresetnadar, utvikling, mestrings- og interesseområdar. Kartlegging kan også bidra til at barnehagelæraren fortare kan oppdage at nokre

barn og familiar kan trenge særleg tilrettelagt hjelp og støtte, og dermed få til ein tidleg innsats. (Sjøvik, 2014, s.91)

### 3. Metode

Når ein har utarbeida ei problemstilling, må ein velje kva metode ein ønskjer for å undersøkje sin problemstilling. Kva metode ein vel er avhengig av kva type svar ein ønskjer (Jacobsen, 2010, s.25). Eg vil byrje med å presentere mitt val av metode og kvifor eg har valgt denne metoden. Deretter presenterer eg pilotstudien min og forklarar kort om gjennomføringa av denne, samt mine tankar i ettertid. Eg vil også gi kort informasjon om informantane mine, som i denne oppgåva er anonymisert, men vil bli gitt fiktive namn. Eg vil så sjå på datainnsamlinga og måten denne blei samla inn på. Heilt til sist ser eg på validitet, etiske hensyn og bearbeidar datainformasjonen eg har samla inn.

#### 3.1 Val av metode

For å samle inn empiri til oppgåva måtte eg sjå på ulike metodar for innsamling. Her beskriver Jacobsen to ulike metodar for innsamling av data, ein kvalitativ og ein kvantitativ metode. Den kvalitative metoden handlar meir om ord og uttrykk, denne metoden brukast gjennom samtaler med menneske eller andre former der menneske uttrykkjer seg munnleg eller skriftleg (Jacobsen, 2010, s.56). Den andre metoden han presenterer er den kvantitative metoden. Denne går meir ut på innsamling av data i form av tal, og legger ofte meir føringa på kva informasjon informanten kan gi frå seg (Jacobsen, 2010, s. 65). Ein kvantitativ metode som må ha klare spørsmål med korte svar ville vore vanskeleg å få til med mitt tema, og dermed endte eg opp med å ta i bruk ein kvalitativ metode.

Ein kvalitativ metode gjer at eg kan gå meir i djupna på problemstillinga mi, noko eg ikkje hadde hatt moglegheita til om eg hadde vald ein kvantitativ metode. Eg valde her at eg ville skaffe informasjon om min problemstilling gjennom intervju. Ein kvalitativ metode har sterke og svake sider. Når ein samlar inn kvalitative data, og bruker ein «open metode», legger ein så få føringar som mogleg for å få den informasjonen som samlast inn. Informanten skal få bruke egne ord og uttrykk og forklare ting på sin eigen måte (Jacobsen, 2010, s. 56). Ein får altså moglegheit til å få informanten sine synspunkt og meiningar gjennom samtale, samt moglegheit til å utdjupe i samtalen og tilføye spørsmål som ein vil vite meir om. Den svake siden med kvalitativ metode er at ein må avgrense. Ein har få informantar som gjer at det er begrensa kor mykje informasjon ein får inn. Det er også ein veldig ressurs- og tidkrevjande prosess, både i forhold til planlegging av intervjuguide, pilotstudie, gjennomføring av intervju, men også bearbeiding av data i ettertid. Ved at eg har hatt fire intervju, kan eg i ettertid sjå



om det er nokre punkt som går igjen i informasjonen eg har fått av desse. Det er også slik at intervjuets innhald og utvalets størrelse er avhengig av kva den som forskar er ute etter (Ringdal, 2018, s.247).

### 3.2 Pilotstudie

Ein pilotstudie er ein utprøving av metoden ein har vald før ein eller fleire planlagde gjennomføringar. Eg gjennomførte min pilotstudie på ein pedagogisk leiar som arbeidar på stor avdeling, og nytta her den foreløpige intervjuguiden min. Grunnen til at eg valde å gjennomføre pilotstudien på ein pedagogisk leiar var fordi det var mest relevant i forhold til dei planlagde intervjua. Gjennom å prøve ut intervjuguiden gjennom ein pilotstudie, fikk eg prøve ut spørsmåla og fikk tips til endringar og framgangsmåte. Eg testa også ut bruk av lydopptak under intervju, slik at eg i ettertid kunne notere ned og dermed behalde mest mogleg informasjon. Undervegs i pilotstudien min oppdaga eg fort kva spørsmål eg måtte gjere endringar på, og kva spørsmål det var naturleg med «underspørsmål» eller oppfølgingsspørsmål.

Å få denne erfaringa før eg skulle sette i gang med intervju var veldig praktisk, då eg ikkje har gjennomført denne type intervju før. Eg fikk eit objektivt syn på spørsmåla og framgangsmåten, og ærlige tilbakemeldingar i ettertid. Eg følte meg dermed meir forberedt på dei ordentlege intervjua.

### 3.3 Informantar

På forhand hadde eg tenkt eg skulle intervju pedagogiske leiarar på stor avdeling, men var også open for både pedagog 2 og styrar. Eg valde å intervju ein pedagogisk leiar på stor avdeling, eit gruppeintervju med pedagog 2 og styrar, samt ein førstelektor i pedagogikk. Ved å ha denne variasjonen, får eg fram ulike synspunkt frå ulike barnehagar, samt eit synspunkt frå ein person utanfor barnehagen. Gjennom å ha eit gruppeintervju får eg også fram ulike synspunkt frå same barnehage, både frå styrarrolla og inne på avdelinga.

### 3.4 Validitet

Det er viktig å vere kritisk og drøfte over kvaliteten på dataen ein har samla inn, altså at dataen er påliteleg. Validitet og pålitelegheit er viktig for at undersøkinga skal vere til å stole på for lesaren (Jacobsen, 2010, s.143). I mi undersøking har eg samla inn informasjon frå fire ulike kjelder, både pedagogiske leiarar, pedagog 2, styrar og førstelektor i pedagogikk. Ved at eg har fleire informantar, som alle i større eller mindre grad har tilknytning til barnehagearbeidet og erfaring frå arbeid med utagerande åtferd gjer at informasjonen blir styrka. Hadde eg hatt færre informantar, eller fleire utan tilknytning til barnehagesektoren, kunne dette potensielt ha svekka dataen eg fikk av desse.

I min intervjuguide hadde nokre av spørsmåla tilleggsspørsmål med hensikt å få meir utdjupa svar frå informanten, noko som kan styrke den eksterne gyldigheten. Den eksterne gyldigheten dreier seg om kva grad funna kan generaliserast frå dei få enhetane som har blitt undersøkt eller forska på, til andre som ikkje har det. Hovudhensikta med ein kvalitativ metode er som regel ikkje å sjå om dataen kan gjelde for ei større gruppe, altså har denne type studie i liten grad som formål å slå fast omfang eller hyppighet av eit fenomen. Derimot er formålet heller å forstå og utdjupe eit begrep eller fenomen (Jacobsen, 2010, s. 152). Formålet mitt med datainnsamlinga var ikkje å finne data som ville gjelde for ei større gruppe, men å sjå korleis barnehagar innanfor eit geografisk område arbeidar med problemstillinga, og få dette meir utdjupa.

At eg valde informantar innanfor eit visst geografisk område kan i enkelte tilfelle verke svekkande på informasjonen, då det gjerne kan komme spørsmål ved kjennskap mellom informant og intervjuar, med tanke på utveksling av kommentarar og evna mi til å stille kritiske spørsmål til informanten. (Jacobsen, 2010, s. 63) På grunnlag av dette valde eg informantar frå ulike kommunar innanfor det geografiske området, og frå barnehagar eg ikkje har nokon tilknytning til frå før. Dermed kan det seiest at det er liten sannsynlighet at eg og informant har kjennskap til kvarandre frå før. I tillegg til dette benytta eg lydopptak noko som gjorde at eg kunne bevare flest mogleg detaljar og fokusere på intervjuet i staden for å notere undervegs. Jacobsen (2010, s.158) beskriver lydopptak som noko som alltid er å føretrekkje. Det gir ein fullstendig gjengivelse av ein samtale og vil dermed ikkje formast av interesse eller evne til å ta notat. Gjennom intervjuet fikk eg også med meg diverse «infoark» og kartleggingsverktøy som brukast i barnehagen knytt til arbeid med problemstillinga.

### 3.5 Bearbeiding av data

Etter kvart gjennomførte intervju høyre eg over lydopptaka og noterte ned det eg oppfatta som relevant og viktig. Grunnen til at eg valde å notere ned det viktigaste og ikkje å transkribere, var både på grunn av at transkribering er ein ressurskrevjande prosess som også kan vere ganske utfordrande. Når ein transkriberer skriv ein ned absolutt alt som blir sagt, også ordlydar som uttrykk og frasar. Når ein noterer ned det viktigaste er det også lettare å lese over i etterkant, og plukke ut det ein ønskjer å ta med. Etter å ha notert ned det viktigaste sorterte eg det i relevante kategoriar og såg etter likheter og ulikheter.

### 3.6 Etiske hensyn

For å finne informantar sendte eg e-postar til nokre utvalde barnehagar der eg søkte etter informantar til bacheloroppgåva mi. Som oftast blei tid og sted avtalt over e-post, samt informasjon om kva

oppgåva handla om, kva stillingar eg ønskte å intervju og kva eg ville undersøke. Informantane fikk ikkje intervjuguiden på førehand, sjølv om eg i ettertid ser at dette kunne gitt meg betre og meir utfyllande informasjon. Intervjua blei gjennomført i barnehagen dei heldt til i, då det var det lettaste og beste for begge partar. Før intervjuet byrja fikk informanten eit samtykkeskjema der det stod informasjon om anonymisering, moglegheita til å trekkje seg før og etter intervju samt anna relevant informasjon. Dette signerte dei før intervjuet starta. Eg starta intervjuet med å forklare litt meir om oppgåva og informanten fikk moglegheita til å stille eventuelle spørsmål.

## 4. Empiri

I emperidelen skal eg presentere funna mine frå datainnsamlingen. Eg vel å presentere etter kategoriar, for å få ein meir systematisk gjennomgang av dataen. Kategoriane mine blir som følger: begrepet utagerande åtferd, vanleg negativ åtferd og personalets arbeid med utagerande barn. Desse kategoriane er utarbeide utifrå spørsmåla i intervjuguiden min (vedlegg 1). Som tidligare nemnd, har kvar barnehage og informant fiktive namn. Informantane blir presentert slik;

- Stina - pedagogisk leiar i hyttegrenda barnehage
- Karoline – pedagog 2 i Maurtua barnehage
- Marte – styrar i Maurtua barnehage
- Stig – førstelektor i pedagogikk, skrive bok om utagerande åtferd

### 4.1. Utagerande åtferd

For å skape meg eit bilete av kva informantane mine la i begrepet utagerande åtferd, var det dette spørsmålet eg byrja intervju med. Stina bruker begrepet «aktivert» i sin beskriving. Ho forklarar vidare at når barnet blir «aktivert» hendar det at barnet «mistar seg sjølv» og gjer ting det kanskje ikkje ville gjort om det ikkje var «aktivert». Ho påpeikar også at ein er nøydd å sjå på kvar enkelt barn, det er nemleg stor forskjell på ein trassig treåring og ein femåring som utagerar.

I Maurtua barnehage var både styrar og pedagog 2 tilstades under intervjuet. Dei kom fram til at ein kan dele utagerande åtferd inn i to kategoriar. Ein har den meir kroppslege og fysiske utageringen, som ikkje går utover andre. Dette er ofte at barnet har veldig mykje energi og vanskar med å konsentrere seg i situasjonar. Deretter har vi den meir «voldelege» utageringen som går utover andre. Denne inneberer ofte at barnet kan ha vanskar med det sosiale og/eller har eit sinne som fører til kloring, biting, o.l. Denne åtferden har også ofte store bevegelsar og preg av hyl og skrik.

Stig forklarar begrepet som ein type *læringshemmande åtferd*. Han snakkar om den meir «milde» utageringen som å tulle og tøyse ved matbordet og lage litt «bråk og uro». Det han forklarar som meir utagering handlar om at barnet slår, biter, sparkar og skrik. Det kan også forklarast som ein åtferd som omgivnadane reagerer på, men som barnet treng hjelp til.

#### 4.2. Vanleg negativ åtferd eller utagerande åtferd

Karoline og Marte forklarar at det må vere eit mønster for at det skal vere ein utagerande åtferd, som at barnet utagerar negativt over tid. I slike situasjonar seier styrar Marte at observasjon er nøkkelen. Det er gjerne situasjonar i løpet av dagen som barnet slit med å tilpasse seg til, som til dømes stresset i garderoben, eller å sitte stille under samling. Dei forklarar også at eit barn kan fungere godt heime, men kan utagere i «flokk». Derfor er det viktig at ein kartlegger når barnet utagerer og i kva situasjonar.

Stina forklarar at utagerande åtferd kan vere litt «meningslaus». Reaksjonen står ikkje i forhold til det som er situasjonen eller konflikten. Samstundes seier ho at barn kan utagere både på ein meir «høglydt» måte eller meir stille. Barnet kan også vere verbalt utagerande, og seie ting som kan skremme eller «true» andre barn. Derfor meiner ho at vi kan skilje mellom verbalt utagerande og fysisk utagerande. Enkelte situasjonar kan verke triggande på barnet, og føre til at barnet blir «aktivert».

Stig forklarar at ein må sjå på kva som ligg bak åtferden. Kanskje har barnet eit temperament, eller kanskje barnet reagerer meir introvert og ligg og «gneg på det». Han meiner at grunnen til at barnet har ein utagerande åtferd kan vere alt i frå at barnet har sove dårleg den natta, til at det er alvorlege problem i heimen som rus og vold. Derfor må ein undersøkje kva som ligg bak åtferden til barnet, slik at ein har moglegheit til å hjelpe det.

#### 4.3. Personalets arbeid med utagerande åtferd

Stina snakkar om å arbeide på tvers i systemet, å ha eit tverrfagleg samarbeid saman med til dømes helsestasjon, familierapaut og PP-tenesta. Ho påpeikar også at det er viktig å vere på forkant. Dette kan ein til dømes gjere ved å skape gode barnegrupper og arbeide med prososial åtferd. For å skape gode barnegrupper er det viktig at ein har ei god tone på avdelinga, har ein fast struktur og få til minst mogleg «venting». Ein kan også arbeide med tryggleikssirkelen, undre seg saman med barnet og gi det ein trygg «ladestasjon» når det føler for det. Når ein arbeidar med prososial åtferd med barn i barnehagen, kan ein til dømes jobbe med å sjå andre sine kjensler og å bli kjent med egne kjensler. Til dette viser ho til eit verktøy kalla «samtalesbilder» av Merete Holmsen. Dette er ei biletbok der ein får

moglegheita til å samtale om ulike kjensler. Ho seier også at det er viktig at ein møter barnet der det er, og sjå det i situasjonen det utagerer i.

Stina fortalte meg om ein teknikk ho brukar ofte, nemleg «pippi-kortet». Måten ho brukar dette på, er at ho spør barnet: «*Går det an å snakke med seg sjølv?*». Dei aller fleste vil då svare nei. Då byrjar ho å fortelje om Pippi, som bur åleine. Ho har dermed ingen som seier at ho må legge seg, men ho må seie til seg sjølv at: «*no må du legge deg, Pippi*». Barnet lærer då at visst det blir sint må det kanskje snakke litt til seg sjølv og telje til ti.

Karoline og Marte frå Maurtua barnehage kom her på litt ulike måtar dei arbeidar på, då dei er i to ulike stillingar i barnehagen. Styrar Marte poengterte dette med å ha store guttegrupper som dreiv mykje med snekring, klatring o.l. på uteområdet, ho såg her at det var veldig lite utagering når dei fikk drive med dette. Ho kommenterte også noko som Stina var innpå, nettopp dette å vere litt «føre-var». Om ein vil tilpasse kvardagen etter barna, kan ein ikkje ha halve dagen med rolleleik i dokkekroken, men heller moglegheita til å gå ut og bevege seg. Ho er ikkje særlig glad i den klokkestyrte dagen ein ser mykje i skulen, men er heller opptatt av at barna skal få lov til å kunne gå ut sjølv om «klokka ikkje er der». På denne måten får barna gjere mykje av det dei har lyst til, og ein slepp mykje av denne «ventinga». Karoline nemner dette å tilpasse tiltak til enkeltbarn, her seier ho til dømes å dele opp i mindre grupper, bruke årstidene aktivt og å ha prosjekt. Ein skal nemleg ikkje forandre barn, men hjelpe dei å øve og tilpasse seg ting som er viktige. Ho seier noko viktig her: kvart barn har sin eigen personlegdom.

Marte og Karoline nemner deretter det pedagogiske grunnsynet, og haldningane til personalet. Dei er begge opptatt av at personalet skal ha nokolunde like haldningar, dette med tanke på samarbeid mellom personale, samt samarbeid mellom personale og heimen. Eit tiltak dei har gjort, er at dei tar for seg trafikklysfargane; raude, gule og grønne mapper. Raud betyr at barnet har fått tiltak og får nok merksemd, så det trengst ikkje å takast opp på møtet. Grøn er barn som klarar seg fint og treng ikkje å diskuteras, medan gul må fram på alle møter. Barn i gul mappe er barn som treng tilrettelegging, men ikkje har fått det og dermed ligger litt i «gråsona». Når barnet har fått tiltak eller tilrettelegging vil det bli plassert i anten raud eller grøn mappe. Elles brukar dei Tras, foreldresamtale og sunn fornuft.

I Maurtua barnehage har dei også primærkontakt på barna, og dei har løyst det ved at den vaksne som barnet har best kontakt med, er primærkontakt på det barnet. Om barnet har ein primærkontakt i byrjinga, men betre kontakt med ein annan tilsett, kan det vere at ein bytar. Samstundes er det slik at personalet i barnehagen er ganske stabilt, slik at barna er vande med alle dei tilsette. Om det er slik at

barnet i periodar treng ein spesifikk vaksen i ein periode, til dømes ved henting eller bringing, er dette noko ein kan gjere unntak på.

Stig meiner at ein må kunne samtale med barnet ansikt til ansikt, men ikkje på ein måte at barnet føler det blir avhørt. Det er viktig at barnet opplever situasjonen som trygg, og har tillit til den vaksne. Barnet bør også vere i ein situasjon dei er trygge i, som til dømes i leik. Samtidig som å samtale ansikt til ansikt er viktig, er det også viktig at kommunikasjonen mellom barnet og den vaksne går fortløpande. På denne måten opplev barnet at det blir sett og høyrd. Nokre barn kan utagere fordi dei føler dei ikkje får nok merksemd, og ved at ein har denne «løpande kommunikasjonen» vil ikkje barnet gå rundt med denne kjensla.

Stig forklarar også eit begrep kalla «pedagogisk relasjon» som ein oftare ser i skulen. Han seier dette også fungerer svært godt i barnehagen gjennom uformell læring. Her må barnehagen eller pedagogen identifisere situasjonar som ligg til rette for læring. For at barnet skal utvikle seg, må det skje noko på vegen. På denne måten lærer dei om seg sjølv, korleis dei bør vere mot andre, og kva dei ikkje skal gjere. Det er også viktig at pedagogen ikkje lar denne omsorgspedagogikken gå over til ein personleg relasjon. Når dagen er over har ein fri.

## 5. Drøfting

I denne delen skal eg drøfte empirien opp mot teorien i kapittel 2 av oppgåva, for å begrunne ulike delar av problemstillinga mi: «*Korleis kan barnehagen arbeidemed barn med utagerande åtferd?*». Eg har her vald å dele opp i dei same kategoriane eg tok for meg i empiridelen i kapittel 4.

### 5.1. Utagerande åtferd

Det finst mange begrep på utagerande åtferd. Stina forklarar det som at barn kan bli «aktivert». Ho seier at barnet kan bli «trigga» i nokre situasjonar, og dermed aktivert. Når dette skjer hendar det at barnet «mistar seg sjølv» og gjer ting det vanlegvis ikkje ville ha gjort. Nordahl, Sørilige, Manger & Tveit forklarar at i daglegtaleten er det gjerne ein del ulike begrep som blir nytta, som åtferdsproblem, sosiale og emosjonelle vanskar, samhandlingsvanskar eller aggressiv åtferd. (2005, s.31). Mange av desse begrepa blir meir eller mindre riktige å bruke, avhengig av barnets grad av utagering. Til dømes tenkjer eg at begrepet «aggressiv åtferd» kan verke misvisande, då barnet ofte ikkje utagerar med hensikt om å skade nokon. Barnet kan likevel ha ein utagering som gjer at det blir sett på som «aggressiv». Dette kan til dømes vere ved at barnet fysisk går på andre barn, til dømes ved å slå, dytte eller bite. Barnet treng ikkje vere aggressiv av den grunn, men kan føle at det ikkje blir høyrd og forstått. Då kan ein slik

kommunikasjonsform vere måten barnet blir høyrd på. Nokre barn har den kjensla av at dei ikkje får nok merksemd, og derfor vil merksemda dei får ved å utagere vere løysinga, sjølv om det er ein negativ merksemd.

Eit begrep som kan fungere betre i daglegtalen er vanskeleg åtferd. Dette forklarar Torkjell Sollesnes som ein åtferd som omgivnadane finn det vanskeleg å forholde seg til (2018, s.35). Å forklare åtferden som vanskeleg, betyr ikkje nødvendigvis at den er vanskeleg for omgivnadane rundt barnet. Det kan også bety at åtferden er vanskeleg for det aktuelle barnet. Det er også slik at eit barn i kortare eller lenger periodar i livet sitt vil vise åtferd som oppfattast som uønskt eller problematisk. Ein slik oppførsel er ein naturleg del av eit barns utviklings- og læringsprosess og blir derfor sett på som normalt. Det som er viktig å vere obs på er når denne normale utageringen byrjar å bli meir omfattande. Dette kan vere eit faresignal som personalet må oppfatte og gi merksemd. Ein åtferd som får fortsette utan at noko skjer, vil etablere seg godt og kan då bli hemmande for barnets utvikling.

Marte og Karoline har vald å plassere utagerande åtferd i to kategoriar. Dei forklarar at den kroppslege fysiske utageringen handlar om at barnet har veldig mykje energi og vanskar med å konsentrere seg i situasjonar. Deretter har vi den meir «voldelege» utageringen som går utover andre. Denne kan komme av at barnet har vanskar med det sosiale og/eller eit sinne som fører til kloring, biting o.l. Her kan vi sjå på Lamer sin forklaring av sosial kompetanse (Sollesnes, 2018, s. 46). Ho forklarar at sosial kompetanse handlar om å meste samspel med andre, og at det følgjer enkle reglar for korleis menneske skal omgås kvarandre, og om ein klarar dette på ein måte som ikkje er konfliktskapande eller opplevast som vanskeleg. Ut i frå dette kan det verke som at eit barn som utagerer fordi det slit med det sosiale eller eit sinne, kan ha vanskar med sosial kompetanse. Sosial kompetanse er ein evig læringsprosess som nokre tek relativt enkelt, men det er alltid nokre som slit meir med det.

Sosial kompetanse blir gjerne delt inn i fem element; samarbeid, sjølvhevdning, sjølvkontroll, empati og ansvarlighet (Sollesnes, 2018, s.45). Visst ein ser på desse elementa, ser ein at fleire av elementa kan ha samanheng med ein utagerande åtferd. Eit barn som blir fort sint kan ha problem med eigen sjølvkontroll og vanskar med å hevde seg over andre barn utan å utagere. Ein kan også sjå at nokre av desse barna har vanskar med samarbeid, men dette handlar også om kva situasjon barnet befinner seg i.

## 5.2. Vanleg negativ åtferd eller utagerande åtferd

Kvar grensa går mellom vanleg negativ åtferd og utagerande åtferd, er veldig individuelt, og finst mange meiningar om. Stina seier at barnet har ein utagerande åtferd når reaksjonen ikkje står i forhold til det som er situasjonen eller konflikten, og at utageringen på denne måten kan oppfattast litt «meningslaus». Nordahl, et al. forklarar det som ein grad der barnets åtferd bryt med normer, reglar og forventningar i samfunnet, samt kva grad åtferden avviker frå forventningar til barnets alder. (2005, s.31). Dette kan ein sjå på i forhold Emilie Kinge. Ho seier nemleg at barn i situasjonar der kjenslene tek over, kan oppleve å miste språket sitt eller ikkje klare å uttrykkje seg godt nok verbalt. Når dette skjer, vil barnet gå over til andre uttrykksformer det kjenner, nemleg handling. (Kinge, 2011, s.23). Ut i frå dette ser ein at nokre barn kan utagere fordi det er deira måte å kommunisere på. Kjenslene kan bli so sterke, at sjølv eit barn som er sterk språkleg, kan oppleve at det ikkje får uttrykt seg godt nok verbalt. Når eit barn utagerer på denne måten, vil det bli sett på som ein negativ åtferd, og visst denne negative åtferden pågår over ei tid, og blir til eit mønster, vil ein etter kvart vurdere om barnet har ein utagerande åtferd.

Marte og Karoline seier at for å skilje mellom vanleg negativ åtferd og utagerande åtferd er det viktig å sjå på mønsteret på åtferden. Alle barn kan i periodar utagere meir eller mindre, men det er når ein ser eit mønster i utageringen at ein kan byrje å tenkje på om barnet har ein utagerande åtferd. Utifrå dette tenkjer eg at ein utagerande åtferd er ein åtferd som skjer over tid, og som kan skje i spesifikke situasjonar som «trigger» barnet. Dette kan til dømes vere situasjonar med mykje barn, eller der barnet må sitte stille ein periode, som under samlingsstund. Stina går meir inn i det og fortel at nokre meir utagerer meir høglydt enn andre, og ho skil mellom barna som utagerer fysisk, og barna som utagerer verbalt. Når barnet utagerer meir verbalt, kan dei seie ting som skremmer andre barn, men oppfattar kanskje ikkje sjølv at det som blir sagt kan verke skremmande eller truande for dei andre. Det Stina seier ein kan gjere vidare om dette skjer, er å snakke med barnet, få det til å forstå at det det seier, ikkje er noko kjekt å høyre. Ein gjer på ein måte barnet meir bevisst på korleis det ordlegger seg og kva som er greitt å seie til andre.

Stig snakkar om den milde utageringen som vi ofte kan sjå på ei avdeling, som å tulle og tøyse rundt matbordet og lage litt støy. Ofte ser ein ikkje dette inn mot utagerande åtferd, då det blir så «mildt». Samtidig er det noko som i ein kvardag kan bli sett på som utagering, då det fell i same kategori. Barnet har til dømes problem med å sitte stille under ei samling, eller under måltid. Mange seier då at barnet har mykje energi som det ikkje får utløp for. Det vi får mest fortalt når vi les eller fortel om utagerande åtferd, handlar meir om ein type fysisk utagering, som å slå, dytte eller bite. Dette er ein utagering som gjerne vil få meir merksemd og tiltak enn den «mildare utageringen».



### 5.3. Personalets arbeid med utagerande åtferd

Styrrar Marte og pedagog 2 Karoline fortel mykje om deira satsing på meir fysisk leik og aktivitetar for barna, noko som er spesielt populært blant gutane på avdelinga. Dei har laga til eit område der barna kan få snekre og styre på, saman med ein vaksen. Deira oppleving er at det nesten ikkje er utagering under denne aktiviteten, og at barna får vore aktivitet og trenar opp ferdigheiter. Dette kan ein sjå opp mot rammeplanen (2017) under *Tilrettelegging av det allmenpedagogiske tilbudet for barn som trengjer ekstra støtte*. Dette kapittelet omhandlar at barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale ulikhetar. Ein kan seie at å legge til rette for aktivitetar tilpassa ulike interesser og fagområder, arbeider ein førebyggjande. Dette fordi alle barn då vil ha ein aktivitet eller fleire i barnehagen som dei trivast med og som kan verke positivt på eigenskapar som samarbeid og sjølvheving.

Gjennom fleire praksisar har eg sett fleire dømer på barn med meir eller mindre utagerande åtferd, samt veldig mange forskjellige måtar å arbeide med dette på. Gjennom eit tverrfagleg arbeid saman med studentar frå barnevern, grunnskulelærar og fleire andre studie har vi også fått erfare i mindre skala korleis eit tverrfagleg samarbeid kan og bør fungere. Det eg har erfart ut ifrå dette er korleis nokre fort kan ta styringa i ein slik samanheng, samt korleis arbeidsfordeling i periodar kan verte uklare. Dette snakkar Nordahl m.fl. om. Han forklarar at i eit slikt arbeid er det viktig at ein er tålmodig og anstrengar seg akkurat så mykje som krevst for å få til eit godt samarbeid. (Nordahl et.al, 2005, s.174) Det er også viktig at ein ikkje byrjar å spekulere i bakgrunnen til barnet og åtferden, men arbeider med dei fakta ein kjenner til. Visst ein byrjar å spekulere er det fort at ein dannar seg eit bilete av barnet og foreldra, som nødvendigvis ikkje stemmer, og dette kan i verste fall gå utover tiltaka til barnet og familien.

Både Stina i Hyttegrenda barnehage, og Marte og Karoline i Maurtua barnehage snakkar om tverrfaglege og tverretatlege samarbeid. Stina beskriver fordelene med å ha eit tverrfagleg team som kan gi eit nytt overblikk der ein fort kan bli litt «nærsynt». I hennar barnehage arbeidar dei «på tvers» i systemet saman med helsestasjon, familieterapeut o.l. Her kan dei drøfte barn både anonymt og med namn, men då såklart med tillatelse frå foreldra. Dette kan ein sjå i samanheng med det Nordahl et. al. fortel om det tverrfaglege samarbeidet. Han fortel at ein instans åleine ikkje har den nødvendige kompetansen eller ressursane som krevst for å gi barnet den bistanden det treng. Visst ein derimot ser på dette i eit tverrfagleg team, vil ein få eit betre overblikk, og gi betre tiltak for det gjeldande barnet og familien dens. Marte og Karoline fortel om deira møter med PP-tenesta, som er innom barnehagen 6-7 gonger i løpet av barnehageåret. Då får dei moglegheita til å ta opp enkeltbarn, og evt. søke hjelp

til barn som treng ei meir spesialpedagogisk tilrettelegging enn det barnehagen kan tilby. Ut i frå dette kan ein sjå at eit tverrfagleg samarbeid, anten med pp-tenesta, helsestasjon eller andre instansar kan vere nyttig for barnehagen, både for å kunne diskutere enkeltbarn og tiltak på desse, samt få ein nytt overblikk. Det at ein får moglegheita til å diskutere barn anonymt, gjer at ein gjerne har ein lavare terskel for å ta det opp, og på denne måten vere på forkant, og tilretteleggje for barnet før åtferden potensielt kan bli alvorleg.

Kartlegging er eit aktivt brukt verktøy i barnehagen, til barn med og utan vanskar. Kartlegging består ofte av observasjon, samtale med foreldre, utredning og/eller testar. Stina snakkar om ei bok ho brukar aktivt, nemleg «samtalesbilder og teiningar» av Merete Holmsen. Boka består av bilete som kan gi gode samtaler saman med barn. Ho påpeikar at det er viktig å møte barnet der det er, og sjå det i situasjonen det utagerer i. Visst ein veit kva situasjonar barnet utagerer i, kan det vere lettare for dei vaksne å snakke med barnet om kjenslene deira rundt den situasjonen, og finne ut nøyaktig kvifor dei utagerar. Det er nokre kartleggingsverktøy som går igjen i barnehagane rundt omkring, slik som TRAS og Alle med. Desse verktøya kartlegger barn på ulike områdar som kognitiv utvikling, det sosiale og emosjonelle. Ved å bruke kartleggingsverktøy i samband med observasjon, vil ein få ei betre innsikt i barnets føresetnadar, utvikling, mestrings- og interesseområder (Sjøvik, 2014, s.91). Dette heng også saman med å arbeide på forkant, som vi såg i forhold til Marte og Karoline i Maurtua barnehage. Dei såg kva som interesserte barna, og valde å lage til ein ny aktivitet, noko som gjorde at dei barna får arbeide med ein aktivitet dei verkeleg trivast i. Resultatet er at det er mindre utagering, spesielt på uteområdet som barna får boltre seg.

Det finst ikkje noko fasitsvar på korleis ein skal arbeide med utagerande åtferd. Visst det hadde vore ein fasit, hadde det ikkje vore skrive eit høgt antall bøker, artiklar og notisar om akkurat dette. Likevel ser eg nokre moment som går igjen frå informantane mine, samt pensumslitteratur. Ein ting som går igjen er dette med å arbeide på forkant, anten ved å lage aktivitetar der barna får bruke kroppen, lage gode barnegrupper som barna trivst i og å arbeide med prososial åtferd og sosial kompetanse. Å skape stabilitet for barnet kan lette kvardagen, då barnet veit kva som skjer og kven det skal vere saman med. Ein kan også planlegge fordeling av personale og passe på å ha ei trygg og god ramme på avdelinga. I dette finn ein også tryggleikssirkelen, som alltid bør vere på avdelinga, både synleg og usynleg. Den gjer at barnet har eit trygt fang å gå til når det treng litt «opplading». Her kan ein undre seg saman med barnet, noko som er veldig nyttig når barnet til dømes har utagert. Det gir ein tillit mellom barnet og den vaksne, som gjer at barnet i større grad inviterer den vaksne inn.

## 6. Avslutning

Gjennom oppgåva har eg arbeidd med temaet utagerande åtferd, meir spesifikt inn mot barnehagens arbeid med dette. Eg har gått ut i frå problemstillinga mi: «Korleis kan barnehagen arbeide med barn med utagerande åtferd»? Gjennom relevant teori om temaet og datainnsamling frå pedagogar, styrar og førstelektor har eg forsøkt på belyse temaet. Dataen eg har samla inn kan ikkje generaliserast til å gjelde i andre barnehagar, då eg har eit mindretall informantar.

Barn med utagerande åtferd kan ofte bli oppfatta som krevjande eller problematiske, fordi åtferden deira ofte uttrykkjast gjennom sinne og/eller vold, både mot andre barn og vaksne. Dette kan komme av at barnet har problem med det sosiale og sosial kompetanse, eller har eit sinne som kan føre til handlingar som kloring, biting o.l. Gjennomgåande i teori og informasjon frå informantar ser vi at barn med utagerande åtferd kjenneteiknast ved at dei har vanskar med stillesittande aktivitetar, og slit med å følgje normer og reglar. Det kjem også fram at barn med denne åtferden kan ha vanskar med å konsentrere seg i mange situasjonar, men at mange har hatt godt av fysisk aktivitet som klatring, snekring og generelt aktivitetar og leik der barnet får bruke kropp og ferdigheiter. Dette kan komme av at mange av at barnet i slike situasjonar har eit avgrensa område å forholde seg til. Når barnet er ute har det eit større område å boltre seg på, og det kan vere derfor vi også ser at barna utagerer mindre ute. Derfor er det viktig at ein lærer å kjenne det enkelte barnet, gjennom å sette grenser, samtidig som ein anerkjenner og støttar barnet. For barnet kan det vere godt om den vaksne fokuserer på det positive, og i periodar overser noko av det negative. På sikt kan dette ha ein stor effekt.

Før eg byrja datainnsamlinga mi hadde eg gjort meg nokre tankar rundt temaet. I mine forventningar i del 1, skreiv eg at eg opplevde ofte at barn med utagerande åtferd blei mykje irettesett, samt at barnet kunne få skuld i situasjonar det kanskje ikkje hadde skuld i. At barnet rett og slett blei ein «syndebukk». Eg snakka også om at eg tenkte åtferden blei meir framtrudande i situasjonar der barnet måtte sitte mykje stille. Ein kan seie at forventningane mine var litt todelt, dette med irettesetting og skuld, samt meir utagering i stillesittande aktivitetar. Den første delen vil eg seie er delvis gjeldande enda. I datainnsamlinga mi fekk eg høyre fleire sider av korleis ein arbeida med det, men utan at eg valde å observere om korleis arbeidet fungerte i det daglege livet. Gjennom praksis har eg erfart at nokre kjapt kan irettesette barn som utagerer, sjølv om dei kanskje ønsker å arbeide med det på ein annan måte. Samstundes har eg også sett mykje på det som kom fram i intervjuet, nemleg dette å snakke med barnet, rose det og få fram det positive. I ein situasjon i ein praksis var det utagering i form at dytting og biting, men i staden for å kjefta på barnet, satt ein seg ned med barnet som dytta, og barnet som hadde blitt dytta. Visst barnet ein annan gang var snill med eit barn, fekk det ros for det.

Berre gjennom praksisen min på nokre veker, såg eg teikn til at denne dyttinga og bitinga hendte sjeldnare, og at barnet gjorde meir av det som førte til ros. Rosen vart som ein belønning for barnet, og det såg kva som måtte til for å få denne positive merksemda. I Andre delen av forventninga mi handla om at barnet ofte utagerte meir i stillesittande aktivitetar, noko som eg fortsatt held med. Dette var også noko som kom fram i intervjuet som ein gjentakande faktor, spesielt i situasjonar som samling eller i leikesituasjonar inne. Informantane såg også korleis denne utageringa minska eller forsvann heilt når barnet fekk eit større område å boltre seg på, samt fekk «herje» meir enn det kunne gjere inne.

For meg å få intervjuet eit større spekter av stillingar som arbeida med barn var veldig spennande. Eg fikk i same barnehage oppleve synspunkta til ein styrar og pedagog 2 på avdeling. Sjølv om dei var mykje eining i det dei sa, var det spennande å sjå synspunkta frå ei styrarrolle som ofte er meir på kontor, og pedagogen som opplevde det heile frå avdelinga. Eg hadde også ein pedagog på ei stor avdeling som hadde mykje erfaring frå slikt arbeid, og ein førstelektor i pedagogikk som hadde erfaring frå arbeid i pp-tenesta. Kombinasjonen av desse tilførte «fylde» til oppgåva mi, og gjorde at eg fekk sjå arbeidet frå ulike synspunkt.

Gjennom arbeid med oppgåva har eg fått mykje ny kunnskap som vil komme godt med når eg snart skal ut i arbeidslivet. Eg har i tillegg lært mykje om ulike metodar og korleis det er å ha ansvar for større prosjekt over tid. Eg føler arbeidet med dette prosjektet har gitt meg ein verdifull kompetanse som gjer at eg veks som barnehagelærer, og som vil gjere meg tryggare i arbeidet eg er på veg ut i.

## 7. LITTERATURLISTE

- Barnehagelova (2005) *Lov om barnehage (LOV-2005-06-17-64)*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Gotvassli, K. (2013) *Boka om ledelse i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jacobsen, D. (2010) *Forståelse, Beskrivelse og Forklaring*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Kinge, E. (2015) *Utfordrende atferd i barnehagen*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Kunnskapsdepartementet (2017) *Rammeplan for barnehagen, innhold og oppgaver*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Larsen, A., & Slåtten, M. (2014) *Nye tider, nye barnehageorganisasjoner*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nordahl, T., Sørli, M., Manger, T. & Tveit, A. (2005) *Atferdsproblemer blant barn og unge. Teoretiske og praktiske tilnærminger*. Bergen: Fagbokforlaget
- Ringdal, K. (2012) *Enhet og Mangfold 2. utgave*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sjøvik, P. (2014) *En barnehage for alle, spesialpedagogikk i barnehagelærer-utdanningen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Sollesnes, T. (2018) *Vellykket arbeid med vanskelig atferd*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

# Samtykkeerklæring for intervju til Bachelor-oppgåve

## *Beskriving av prosjektoppgåva*

Eg går på barnehagelærarstudiet på Høgskulen på Vestlandet i Sogndal. For tida skriv eg bacheloroppgåve om temaet barn med utagerande åtfærd og barehagens arbeid med dette. Som ein del av denne oppgåva vil eg intervju pedagogiske leiarar frå ulike barnehagar om deira arbeid med dette. Om ønska kan deltakande barnehage få tilsendt ferdig bacheloroppgåve i januar / februar.

## *Frivillig deltaking*

All deltaking er frivillig, og du kan trekkje deg når som helst. Ved tillatelse tar eg lydopptak av intervjuet, for å kunne høyre over intervjuet i ettertid, men dette er også frivillig. Lydopptaket skal kun høyrast av meg, og vil bli sletta ved seinaste anledning når bacheloroppgåva er ferdig. Elles tek eg notatar.

Du kan når som helst avslutte intervjuet eller trekkje tilbake informasjon som er gitt under intervjuet. Du kan også velje å trekkje deg etter endt intervju.

## *Anonymitet*

Notatane og bacheloroppgåva vil bli anonymisert. Det vil seie at kun eg veit kven som er blitt intervjuet, og kva barnehage du tilhøyrar.

Før intervjuet byrjar vil eg be deg om samtykke i deltaking ved å underteikne på at du har lest og forstått informasjonen på dette arket og ønskjer å delta.

## *Samtykke*

Eg har lest og forstått informasjonen over og gir mitt samtykke til å delta i intervjuet.

---

Sted og dato

---

Signatur

## ***INTERVJUGUIDE PEDAGOGISK LEIAR / STYRAR***

Eg skal skrive ein bachelor om barn med utagerande åtferd og barnehagens arbeid med dette. I samband med dette har eg tatt kontakt med fleire barnehagar om intervju. Eg vil gjennomføre intervju i veke 42-47.

Problemstillinga mi er slik:

***Korleis arbeidar barnehagen med barn med utagerande åtferd?***

*Intervjuet vil ta ca. 35-45 minutt.*

Oppgåva vil bli anonymisert, verken namn, alder eller barnehage vil bli oppgitt i oppgåva. Ved tillatelse vil eg gjerne ta lydopptak av intervjuet til eige bruk, dette opptaket vil bli sletta ved seinaste anledning når bacheloroppgåva er ferdig. I intervjuet vil eg ta for meg eit innbilt barn med utagerande åtferd utan diagnose.

Før intervjuet byrjar signerer ein eit samtykkeskjema, ein kan når som helst velje å avslutte intervjuet eller trekkje tilbake informasjon.

Som takk for gjennomført intervju vil barnehagen få tilbod om å få sendt bacheloroppgåva når den er ferdig.

### ***Spørsmål til intervju:***

#### **Begrepsavklaring:**

Korleis vil du definere / forklare begrepet barn med utagerande åtferd? *Forklar.*

Kvar tenkjer du grensa går mellom vanleg negativ åtferd og utfordrande åtferd? (*t.d. overgang frå trass til utfordrande åtferd*)

Kan åtferden vere eit uttrykk for noko? (*t.d. behov for merksemd, livssituasjon til barnet*)

*Underspørsmål: kan du utdjupe?*

### **Barnehagens arbeid:**

Har din barnehage eit tilbod for barn med utagerande åtferd?

*Ved nei:* kva er grunnen?

*Ved ja:* set dykk i gang tiltak sjølv om barnet ikkje har fått ei diagnose? evt. kva tiltak?

*Ved tilbod:* Kva konkrete tiltak har de for desse barna?

Ved arbeid med utagerande åtferd, har dykk kontakt med andre instansar utanfor barnehagen? (*t.d. ppt, bup*)

*Underspørsmål: Ved kva alder eller «grad» byrjar de å vurdere kontakt med andre instansar?*

*Ved kontakt med andre instansar:* Korleis samarbeidar barnehagen med andre instansar om tiltak på barnet?

Brukar de verk som rammeplanen og barnehagelova når de planlegg tiltak på barn som treng særskilte tiltak? *Korleis?*

Kva gjer de for at barnet og foreldre/føresette skal føle seg ivaretatt i kvardagen i forhold til tiltak ved barnet. (*t.d. jevnlege foreldresamtalar, dagleg foreldrekontakt*)

### **Ansvarsområder:**

Kven på avdelinga har ansvar for tiltak med dette/desse borna?

Har dykk ein primærkontakt på dette barnet? *Ved nei: har dei andre løysingar på dette?*

*Underspørsmål 1: Kva ansvarsområde har primærkontakten? (t.d. ta imot barnet om morgonen.*

*Underspørsmål 2: Er det pedagogisk leiar / barnehagelærer eller andre tilsette som er primærkontakt på barnet?*

*Om barnet har primærkontakt:* Har dykk løysingar på tidlegvakt / seinvakt om barnet treng primærkontakten om morgonen / ved henting?

*Underspørsmål:* Kunne det vore aktuelt å endre på rutinar dersom dette var nødvendig?



## ***INTERVJUGUIDE 2***

Eg skal skrive ein bachelor om barn med utagerande åtferd og barnehagens arbeid med dette. I samband med dette vil eg gjennomføre intervju med personar som arbeider og/eller har kunnskap om dette temaet. Eg vil gjennomføre intervju i veke 42-47.

Problemstillinga mi er slik:

***Korleis arbeidet barnehagen med barn med utagerande åtferd?***

*Intervjuet vil ta om lag 40-45 minutt.*

Oppgåva vil bli anonymisert, verken namn, alder eller barnehage/arbeidsstad vil bli oppgitt i oppgåva. Ved tillatelse vil eg gjerne ta lydopptak av intervjuet til eige bruk, dette opptaket vil bli sletta ved seinaste anledning når bacheloroppgåva er ferdig. I intervjuet vil eg ta for meg ein innbilt barn med utagerande åtferd utan diagnose.

Før intervjuet signerer ein eit samtykkeskjema, ein kan når som helst velje å avslutte intervjuet eller trekkje tilbake informasjon.

Som takk for intervju vil ein få tilbod om å få sendt bacheloroppgåva når den er ferdig.

### ***SPØRSMÅL TIL INTERVJU:***

#### **Begrepsavklaring:**

Korleis vil du forklare / definere begrepet barn med utagerande åtferd?

Kvar tenkjer du grensa går mellom vanleg negativ åtferd og utagerande åtferd? *(t.d. overgang frå trass til utfordrande åtferd)*

Kan åtferden vere eit uttrykk for noko? *(t.d. behov for merksemd, heimesituasjonen til barnet)*

*Underspørsmål: kan du utdjupe?*

Kva legg du i begrepet «konsekvensåtferd»?

## **Arbeid med utagerande åtferd?**

**(Arbeid i barnehagen, eldste borna)**

Korleis kan dei tilsette i barnehagen eller skulen (t.d. pedagogisk leiar) tilpasse dagleglivet for eit barn med utagerande åtferd?

Korleis kan ein bruke kommunikasjon i det daglege arbeidet med barn med utagerande åtferd?

Kva legg du i begrepet «pedagogisk relasjon»?

*Underspørsmål: Kan ein ha denne relasjonen i ein barnehage som er prega av mykje uformell læring?*